



Rovviltnemnda region 1

Dykkar ref:
«Ref»

Vår ref.:
2024/4893

Arkivnr.:

Dato:
10.04.2024

Protokoll frå møte i rovviltnemnda region 1 tysdag 9. april 2024

Frå rovviltnemnda deltok: Noralv Distad (fung. leiar), Trude Brosvik, Hanne Marte Vatnaland , Kine Bratli Dale og Kai Steffen Østensen.

Frå sekretariatet: Hermund Mjelstad.

Sak 01/2024 Konstituering av rovviltnemnda

Forslag om attval av leiar Noralv Distad, samrøystes vedteke.

Forslag om medlem Hanne Marte Vatnaland som nestleiar, samrøystes vedteke.

Rovviltnemnda har etter dette slik samansetning:

Noralv Distad (Vestland) Leiar
Hanne Marte Vatnaland (Rogaland) Nestleiar
Trude Brosvik (Vestland) Medlem
Kine Bratli Dale (Vestland) Medlem
Kai Steffen Østensen (Agder) Medlem

Sak 02/24: Midlar til førebyggjande og konfliktdempjande tiltak. Driftsbudsjett for nemnda og kompensasjon til sekretariatet.

Saksopplysningar

Miljødirektoratet (Mdir) fordeler kvart år midlane til nemndene, jf. brev om planleggingsramme 29.02.2024.

Rapporteringsfrist for bruken av tilskot er 21. januar 2025

Forskrifta om tilskot til førebyggjande tiltak mot rovviltskade og konfliktdempjande tiltak (sjå Lovdata: [Forskrift førebyggjande tiltak](#)) vart endra i 2023, slik at kommunar kunne søkje om tilskot til

Postadresse:
Rovviltnemnda i region 1
c/o Statsforvaltaren i Vestland
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Leiar for rovviltnemnda:
Noralv Distad
Vinjavegen 1, 5745 Aurland
Telefon: 91374976

Sakshandsamar:
Hermund Mjelstad
Telefon 57643124

Noralv.Distad@vlfk.no

fmsfhm@statsforvalteren.no
<http://www.statsforvalteren.no/vl>

Rovviltnemnda region 1
<https://www.rovviltnemnd.no/nb/region1/>

kommunale og interkommunale skadefellingslag. Av den grunn er den ramma som nemndene skal fordele noko redusert.

Reglane for tilskot til førebyggjande og konfliktdempjande tiltak føreset at alle søkjarar nyttar Miljødirektoratet sitt elektroniske søknadssenter, og at dei er sendt inn innan fristen 15.02.2024. Søknadssenteret skal og nyttast for rapportering av korleis tilskotet er nytta. Dette føreset at statsforvaltaren handsamar søknadane i søknadssenteret og sett krav til rapportering.

Forslag til fordeling av tildelt ramme:

	Tilskot 142073	Tenestekjøp 142021	Drift 142021
Statsforvaltaren i Vestland	475 000	225 000	424 000
Statsforvaltaren i Rogaland	25 000	25 000	25 500
Statsforvaltaren i Agder	150 000	100 000	25 500
Totalt for region 1	650 000	350 000	475 000

Vurdering og grunngjeving

Rovviltnemnda skal fordele rammetilskot til førebyggjande og konfliktdempjande tiltak til statsforvaltarane i regionen (1420.73) og gje overordna føringar for bruken til statsforvaltarane jf. «Regelverk for tilskudd til forebyggjande og konfliktdempjande tiltak i forhold til rovviltskader» (01.01.2013). Kap 10.2 i forvaltingsplanen for Region 1, «Førebyggjande og konfliktdempjande tiltak», vil vere retningsgjevande for bruken av rammetilskotet.

Framlegget til vedtak er basert på søknader om tilskot til statsforvaltarane, **sjå vedlegg**, innrapporterte behov frå statsforvaltarane, og kunnskap om rovviltførekost og skadesituasjonen i dei ulike fylka. Fordeling av utgifter 1420.21 på rovviltnemnd og sekretariat er basert på bruken i 2023 og stipulert behov i 2024.

Rovviltnemnda må ta høgde for godtgjering av fellingslag i samband med skadefellingsforsøk og for behov for tilskot til akutte tiltak. Erfaringa viser at dette er vanskeleg å berekne på førehand. Desse reservesummane skal ligg inne i tabellen under som «akutte tiltak», men er ikkje fordelt enno.

Vi rår nemnda til å følgje statsforvaltarane sine prioriteringar, og til å gje tilstrekkeleg ramme for reservemidlar i utsette fylke. Vi vil som før peike på at det ikkje er høve til å gje tilskot til reine tilsynsprosjekt. Det er heller ikkje høve til å gje tilskot til uspesifiserte utgifter til skadefellingslag utanom pågåande fellingsssituasjonar.

Utgifter til nemnda skal dekkast av 1420.21 *Drift av nemnder og sekretariat*. I tillegg skal kompensasjon for sekretariatet og fylkesvise vaktordningar dekkast innanfor denne ramma, kr 475 000,-. Sekretariatet foreslår kr 80 000,- til drift og løn til nemnda, kr 76 500,- til vaktordning for statsforvaltarane i beitesesongen (kr 1 700,- pr uke i 15 veker pr. SF), og kr 318 500,- som kompensasjon til sekretariatet.

1420.21 *Tenestekjøp* skal dekke utgifter til forskning og utgreiing i regi av nemnda eller statsforvaltar. Det vil seie prosjekt som ikkje kan definerast som tilskot. Dette gjev samtidig klårsignal til at nemnda kan iverksette eigne tiltak på tvers av fylka. Dei enkelte statsforvaltarane må sjølv vurdere om nokon høgt prioriterte FKT-søknader kan omgjerast til kjøp av tenester. Vi foreslår at posten *tenestekjøp* blir fordelt mellom fylka til fylkesvise kjøp.

For alle fylka gjeld det at rovviltnemnda og statsforvaltarane må ta høgde for eventuelle behov for akutte tiltak i beitesesongen. Dette kan t.d. vere tidleg nedsanking og kostnader knytt til godtgjering av fellingslag dersom det blir aktuelt å iverksetje skadefelling etter 1. juni.

Saksframlegg frå sekretariatet:**Framlegg til vedtak**

1. Rovviltnemnda i Region 1 fordeler tilskotsramme til førebyggjande og konfliktdempjande tiltak, kjøp av tenester og drift av rovviltnemnda slik for 2024:

	1420.73 Tilskot etter søknad	1420.73 Akutte tiltak	1420.21 Tenestekjøp	1420.21 Drift og løn
SF Vestland	325 000	50 000	225 000	424 000
SF Rogaland	0	25 000	25 000	25 500
SF Agder	100 000	50 000	100 000	25 500
Nemnda til disp.		100 000		
Til saman	425 000	225 000	350 000	475 000

2. Det skal ikkje utbetalast tilskot til reine tilsynsprosjekt utan i kombinasjon med andre tiltak. Statsforvaltarane har høve til å sette av ytterlegare midlar til reserve dersom det ikkje er omsøkt tilstrekkeleg beløp frå søknader som kvalifiserer til tilskot.

3. Det er sett av 50 tusen kroner til akutte tiltak i Vestland og 50 tusen kroner i Agder, 25 tusen kroner i Rogaland. I tillegg er det sett av kr 100 000,- i reserve til nemnda sin disposisjon. Desse midlane vert nytta til gjennomføring av betinga skadefelling i dei fylka som måtte ha behov for det. Etter endt beitesesong og seinast innan 1. oktober ber nemnda statsforvaltarane rapportere inn unytta midlar til sekretariatet for nemnda (Statsforvaltaren i Vestland). Nemnda kan då omprioritere midlane til område og til tiltak som har behov for det. Nemnda kan då vurdere heile regionen sine behov, og ikkje berre behov innan det enkelte fylke. Slik intern omprioritering innan regionen skal godkjennast av Miljødirektoratet.

4. Tilskot skal vere retta inn mot spesifiserte tiltak og kan ikkje nyttast til løn og drift av skadefellingslag utanom fellingsaksjonar, jf. rovviltforskrifta §§ 9 og 9 a.

5. Statsforvaltarane må ta høgde for godtgjering av skadefellingslag etter gjeldande satsar.

6. Bruk av tilskot til tidleg sanking skal vere i samsvar med forvaltingsplanen for Region 1 (kap 8).

7. For å få tilskot til førebyggjande eller konfliktdempjande tiltak skal tiltaket avklarast med statsforvaltaren på førehand. Tilsegn skal vere skriftleg. Akutte tiltak kan avklarast pr. telefon eller epost, men skriftleg tilsegn skal sendast så snart som råd.

8. Tildelinga på 1420.21 kan nyttast til kjøp av tenester for å styrke arbeidet med førebyggjande og konfliktdempjande tiltak.

9. Det er ikkje høve til å engasjere personell hos statsforvaltaren for gjennomføring av førebyggjande tiltak.

10. Tilskot frå 1420.73 skal prioriterast til tiltak retta mot husdyr. Statsforvaltaren kan likevel nytte deler av ramma til andre førebyggjande tiltak, jf. forvaltingsplanen kap. 10.

11. Mottakar av tilskot skal rapportere bruken innan 1. desember 2023 gjennom elektronisk søknadssenter. Rapporten skal innehalde ei evaluering av tapsreduserande eller konfliktdempande effekt. Statsforvaltarane skal rapportere bruken av tilskotsmidlane innan 21. januar 2024 til Miljødirektoratet og rovviltnemnda. Statsforvaltarane skal og rapportere effektar av tilskotet så godt det let seg gjere.

Dette vedtaket er ikkje eit enkeltvedtak etter forvaltningslova, og kan ikkje klagast vidare.

Vedtak: Samrøystes vedteke.

Sak 03/2024: Kvote for betinga skadefelling frå 01.06.2024 – 15.02.2025. Vedtak.

Saksopplysningar

Etter forskrift om forvaltning av rovvilt § 8 skal rovviltnemnda fastsette kvote for betinga skadefelling av gaupe, jerv, bjørn og ulv til statsforvaltarane. Ein føresetnad er at vilkåra i § 7 er oppfylte. Løyva kan nyttast i akutte skadesituasjonar for å hindre skade på bufe. Løyva gjeld for perioden 01.06.2024 – 15.02.2025.

Vilkåra er i dette høvet krav om at vedtaket bygger på bestandsdata frå nasjonalt overvåkingsprogram for rovvilt. For bjørn og ulv skal nemnda ta utgangspunkt i siste års yngling. For jerv og gaupe skal ein bygge på gjennomsnitt av dokumenterte data om ynglingar dei siste 3 åra. For region 1, som ikkje har nasjonale mål om ynglingar for nokon av desse artane, er ikkje desse måla avgrensande for nemnda sitt høve til å treffe vedtak om felling, men ein må likevel ta omsyn til naturmangfaldlova § 5, som sett krav om forvaltingsmål for artar. § 7 legg til grunn at nemnda følgjer forvaltingsplanen i sine vedtak, til dømes om felling. Kunnskap om rovviltartane og om skadesituasjonen skal ligge til grunn for vedtak. Etter vedtak om kvote skal all irregulær avgang av rovvilt belastast den same kvota.

Rovviltnemnda sitt vedtak etter § 8 er eit enkeltvedtak som kan påklagast til Klima- og miljødepartementet innan 3 veker frå vedtaket er gjort kjend. Statsforvaltarane sine vedtak om iverksetting kan og påklagast. Miljødirektoratet er klageinstans i desse høva.

Gaupe

Rovviltnemnda vedtok at det ikkje skulle vere kvotefri gaupejakt i regionen for 2023. Vedtaket vart påklaga, nemnda opprettheldt vedtaket og saka vart oversendt Klima- og miljødepartementet. Klagen vart der avvist med grunngjeving at det ikkje var klagerett på eit slikt vedtak om ikkje å ha kvotejakt. I Rovbasen, for perioden 01.04.2023 til i dag 02.04.2024, er det nokre få sikre observasjonar frå regionen (sju sikre observasjonar, seks i Vestland og ein i Rogaland). I Skandobs ligg det inne nokre fleire (fire) observasjonar frå regionen. Skandobs er eit ope registreringssystem der alle kan legge inn observasjonar, men dei blir ikkje kvalitetssikra anna enn meldingar om t.d. yngling av gaupe. Til forskjell frå Rovbasen til Miljødirektoratet der alle opplysningar er kvalitetssikra. Bestandsstatus i Noreg før kvotejakta i 2023 ble rekna til ca. 71,5 familiegrupper. Dette er over det nasjonale bestandsmålet på 65 årlege familiegrupper.

Jerv

Nemnda vedtok ein lisenskvote på 8 jerv som kunne fellast i heile regionen i lisensfellingsperioden 2023/2024. Ved lisensslutt 15. februar var ingen jerv felt. I beitesesongen 2023 vart det registrert seks jerveskader i region 1, fem i Luster og ein i Sunnfjord kommune (Vestland). Ingen jerv er felt i regionen etter siste ekstraordinære uttaket av jerv i Luster 20.05.2023 (tipe og ein unge i Luster k.) 26 sikre observasjonar jerv, eller jervespor i tida etter 21.05.2023 og fram til 02.04.2024. Dei aller fleste er frå Luster kommune (17 av 26), seks er frå Ullensvang kommune og tre er frå Suldal kommune (Rogaland).

Data frå Rovbasen.

Det ble registrert 64 jervekull i Noreg i 2023, ein oppgang på 19 kull frå 2022 . Omrekna til individ er dette berekna til om lag 350 vaksne dyr i gjennomsnitt frå dei tre siste åra. Det nasjonale bestandsmålet er på 39 årlege kull.

Ulv

Ingen felling av ulv i regionen sidan vinteren 2021 (15.januar, Hyllestad). Tre observasjonar (ekskrement) i Kvinesdal (23-24.07.23), der DNA viser at det var ei tisper.

I vinter er det påvist 83-39 ulvar innanfor landets grenser. 34-37 ulvar er berre påvist i Noreg. Det er dokumentert tre valpekull i heilnorske revir og seks i grenserevir. Bestandsmålet for ulv er 4-6 årlege ulvekull i Noreg og i grenserevir, der minst tre kull skal vere født i heilnorske revir.

Bjørn

Ingen observasjonar siste året og heller ingen skadesaker.

Bestanden for landet (om lag 8,1 ynglingar) ligg framleis under bestandsmålet for bjørn på 13 årlege ynglingar.

Utbetalte erstatningar i region 1 i beitesesongen 2023:

Fylke	Tal søknader	Totalt tap	Erstatta	Erstatningsbeløp
Vestland	36	Sau 138/Lam 549	Sau 59/ Lam 214	Kr 478 757
Agder	19	Sau 82/Lam 360	Sau 43/Lam 182	Kr 691 336
Rogaland	8	Sau 11/ Lam 156	Lam 20	Kr 52 408

Vurdering

Før vedtak om felling skal nemnda vurdere saka etter naturmangfaldlova kap. II. Kravet til bestandsmål for naturleg førekommande arter etter § 5 er i ein særstilling for rovviltartane, sidan Stortinget har vedteke konkrete nasjonale mål for årlege ynglingar. Ulv ligg i dag noko over dette målet, jerv ligg over målet, gaupe ligg noko under målet og bjørn ligg under målet. Regionar med ansvar for ynglingar og rovviltsonar har eit spesielt ansvar for å nå måla, men også region 1 må ta sin del av ansvaret for langsiktig overleving. Sjølv om regionen er eit beiteprioritert område.

Naturmangfaldlova § 7 seier at §§ 8-12 skal leggast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentlig mynde. Kravet til kunnskapsbasert forvaltning (§ 8) er stort sett sikra i vedtak som angår rovvilt. Kunnskapen om bestandane er god. Vi vurderer det slik at kunnskapen er tilstrekkeleg god til å kunne vedta kvoter i region 1. Tilfeldige innvandringar og hendingar vil uansett avgrense høvet til å vere føreseieleg eit år fram i tid.

Føre-var-prinsippet (§ 7) er ikkje like relevant med så detaljert kunnskap som det er på rovviltområdet. Ein kan likevel argumentere for at når t.d. ulv og gaupe er i nærleiken av bestandsmålet, vil eit for stort uttak kunne komme i konflikt med langsiktig overleving og § 5, men det er uansett ei større utfordring for dei regionane som har bestandsmål.

Rovviltet døyr stort sett av felling. I høve til samla belastning jf. § 10 kan ulovleg felling eller skadeskyting vere eit problem for enkelte artar. Gjenfangst av DNA-identifiserte jervindivid tyder ikkje på at det er eit stort problem her.

Jerv:

Bestandssituasjonen for den delen av jervebestanden som har innverknad på vår region, synast vere nokolunde stabil. Det er meldt inn ein del sporaktivitet frå deler av Vestland, og det er registrert

aktivitet sør på Hardangervidda og inn i Rogaland. **Vi foreslår same kvote som i fjor, 8 jerv.** Pr i dag har det ikkje vore ekstraordinære uttak av jerv i regionen.

Gaupe:

Det vil vere rett å ha ein kvote for å sikre raskt uttak av gaupe, dersom det oppstår skade. Det vart ikkje felt gaupe på kvotejakta i vinter. **Vi foreslår ein kvote på 2 gauper.**

Ulv:

Vi foreslår ein kvote på 2 ulv. Dersom det er mogleg vil det vere viktig å få informasjon om genetisk opphav til ulv for å hindre at viktige individ blir felt.

Bjørn:

Ingen dokumenterte observasjonar, foreslår **kvote på 1 dyr.**

Framlegg til vedtak

I perioden 01.06.2024 til 15.02.2025 kan statsforvaltarane i region 1 nytte desse kvotane for betinga skadefelling:

Art	Tal
Jerv	8
Gaupe	2
Ulv	2
Bjørn	1

Nemnda kan til ein kvar tid trekke kvotane tilbake dersom ny kunnskap gjer det naudsynt. Irregulær avgang blir belasta kvoten.

Iverksetting av løyva skal vere i samsvar med gjeldande forskrifter og forvaltingsplanen for regionen.

Nemnda sitt vedtak kan påklagast innan 3 veker frå vedtaket er motteke. Klaga skal handsamast av Klima- og miljødepartementet, men sendast til rovviltnemnda.

Vedtak: Samrøystes vedteke.**Sak 4/2024: Orientering om status for rovvilt i region 1.**

Status vart kort gjennomgått i samband med sak 2 (kvote for betinga skadefelling).

Sak 5/2024: Eventuelt

Sekretariatet sender ut informasjon til nemnda med viktige adresser/lenker for kunnskap om rovvilt, i tillegg til økonomiinformasjon om DFØ.

Protokolltilførsel:

Rovviltnemnda oppmodar Miljødirektoratet om å vurdere ekstraordinære uttak av jerv i vinter/vår, og viser til observasjonar i vinter spesielt frå Luster kommune, og Ullensvang og Suldal kommunar.

Møteteknisk:

Møtetid: 1 time

Førebuing: 2 timar

Retting i sak 02/2024:

Grunna ei føring av vakttillegget for statsforvaltarane på feil post (1420.21 drift og løn), er vakttillegget no ført på 1420.21 Tenestekjøp. Tabellen/oversikten ser etter dette slik ut:

	1420.73 Tilskot etter søknad	1420.73 Akutte tiltak	1420.21 Tenestekjøp	1420.21 Drift og løn
SF Vestland	325 000	50 000	174 000	475 000
SF Rogaland	0	25 000	50 500	
SF Agder	100 000	50 000	125 500	
Nemnda til disp.		100 000		
Til saman	425 000	225 000	350 000	475 000

Dette endrar ikkje på den vedtekne fordelinga, men er ei rekneskapsmessig justering, i samråd med Miljødirektoratet.

Vedlegg (elektronisk):

- Brev 29.02.2024 frå Miljødirektoratet om fordeling av FKT-midlar (planleggingsramme).
- Brev frå Vestland Bondelag til Miljødirektoratet om trong for ekstraordinært uttak av jerv.
- Søknader per 15.02.2024 om tilskot til førebyggjande og konfliktdempjande tiltak frå Statsforvaltarane i Agder, Rogaland og Vestland.

Med helsing

Noralv Distad
leiar for rovviltmemnda

Kopi til:
Adresseliste

